



Knut Magne Hauge  
Li 8  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1176 - 19/6480

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.02.2019

## Svar på førespurnad om fartsdumper på Li

Saka gjeld førespurnad om fartshumper på kommunal veg til Li.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon i saka:

Eigar av gbnr 211/3 har i 2015 vore i kontakt med kommunen i samband med høg fart gjennom gardstun på Li. Teknisk drift ga da melding om at kommunen ville vurdere å setje opp fareskilt 56 med underskilt «Gardstun». Dette vart diverre ikkje fulgt opp frå kommunen sin side.

I e-post, datert 02.02.2019, har eigar av gbnr 211/3 fremma forslag om skilting av veg med konkret fartsgrense og fartshumper i vegen.

#### Vurdering drøfting:

Kommunen vil sjå på om kommunal veg til Li stettar kriterier for nedsetting av fartsgrense. Fartsgrense kriterier er fastsett av vegdirektoratet i rundskriv NA-rundskriv 2018/10 «Fartsgrensekriterier» og gjeldande vognormalar.

Som i alle andre saker med førespurnad om fartsdempande tiltak, vert tiltaket behovdsprøvd ut i frå gitte kriterier.

Fyrste kriterie er fartsgrensa på staden. Det vert berre etablert fartshumper på kommunale veger der fartsgrensa er 30 og 40 km/t. Dersom fartsgrensa langs vegen er 30 eller 40 km/t, vil 85-prosentfraktilen vere avgjerande om ein kan etablere fartsdempande tiltak.

85-prosentfraktilen er den farten som 85% av køyretøya ikkje køyrer over. Eller sagt med andre ord gjennomsnittsfarten til dei 15% av køyretøya som køyrer fortare enn fartsgrensa på staden. Fartsmåling som gir oss svar på kva 85-prosentfraktilen er på staden, vert utført i ein periode på rundt 14 dagar. For å få riktige tal er det viktig at det er bar veg og plussgrader i perioden ein utfører fartsmålingen. Dersom 85-prosentfraktilen er større eller lik 5km/t over fartsgrensa, vil det kunne vere behov for fartsdempande tiltak.

Når desse data er på plass vil det vere budsjettet for inneverande år som avgjer om det er midlar til



tiltaket. Kommunevegen vil då bli vurdert saman med dei andre førespurnadane kommunen har om tiltak som krev trafikksikringsmidlar.

**Samandrag/konklusjon**

Kommunen vil få utført fartsmåling langs kommunal veg til Li. Ut i frå dei resultata vi får, vil vi vurdere om kriterie for fartshumper i kommunevegen er tilstades. Dersom kriteria er oppfylgt, vil tiltaket verte vurdert saman med andre trafikksikringstiltak på kommunevegane i Lindås kommune.

Lindås kommune vil setje opp skilt 146 «Anna fare» med underskilt «gardstun». Skiltplanen er til uttale hos politiet. Når uttale ligg føre vil vedtak verte fatta og nødvendige skilt bestilt inn.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Knut Magne Hauge

Li 8

5913

EIKANGERVÅG